



Mottakarar i følgje liste

Vår ref.:
18/4473 - - RY

Dato:
07.05.2018

Prehospital plan, fase 1
Høyringsuttale

Viser til utlegg av prehospital plan, fase 1 med høyringsfrist 30.05.2018 og vil med dette gje uttale på vegne av kommunalsjefnettverket i Nordfjord. Desse kommunane er representert i vårt nettverk: **Vågsøy, Selje, Eid, Gloppen, Stryn, Horningdal og Bremanger.**

Vi seier oss nøgde med at Helse Førde har utsett fase 2 i prosjektet for å ta omsyn til samhandlinga kring prosjektet «Legevaktipilot i Sogn og Fjordane» då det akuttmedisinske tilbodet frå helseføretaket og frå kommunane heng svært tett saman for våre innbyggjarar. I Sogn og Fjordane som elles i landet, har legevakttilbod i mange kommunar vorte sentralisert. Dette vil truleg halde fram, uavhengig av om Sogn og Fjordane søker og får innvilga deltaking i pilotprosjektet eller ikkje. Viktigheita av ambulansen si rolle, både på veg, i luft og sjøvegen, vert ikkje mindre viktig framover.

Rapporten viser at prosjektgruppa har gjennomført eit grundig kartleggingsarbeid der de mellom anna beskriv råmer, ansvar, arbeidstidsordningar og aktivitet.

Det nasjonale målet for responstid med bilambulanse i griskrendte strok er å nå 90% innan 25 minutt. Oversikta i dykkar dokument (s 88) over akuttoppdrag med bilambulanse der **teneste ikkje nådde** fram innan 25 minutt, viser etter vår vurdering at tala generelt er høge for våre kommunar. Gloppen, Bremanger og Stryn peikar seg særskilt negativt ut der 24%, 32% og 34% (median 22%) av akuttoppdraga med bilambulanse ikkje nådde fram innan 25 minutt.

I høve faktum som beskrive i rapporten, vurderer vi det å redusere tal ambulansestasjonar eller ordningar i vårt område, som **uaktuelt** då dette vil føre til svekka beredskap og redusere grad av måloppnåing knytt til responstid.

Vi meiner det ligg eit potensiale i å redusere ambulanseoppdrag dersom ein får til ei betre samordning/koordinering **mellom avdelingar i Helse Førde** der pasientar med samansette behov som treng ambulansetransport får utført fleire behandlingar/undersøkingar når dei er på sjukehuset. Dette i staden for å reise fleire gongar fordi samordninga ikkje er god nok.

Arbeidet med å **redusere bruk av ambulanse** der anna og rimelegare transport kunne vore nytta, må også halde fram. Prosjektgruppa peikar på døme som bruk av helseekspress eller

Adresse
Rådhuset, Postboks 104,
6721 Svelgen

Telefon
57 79 63 00

Org.nr
959 318 166
Bankkontonr.
3776 07 50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
Sbr_EmailAdr

Internett
www.bremanger.kommune.no

kvite bilar. Ved å redusere bruk av ambulanse der det finnst relevante alternativ, styrkar ein beredskapen som vi altså vil peike på er heilt sentralt vert oppretthalde i våre kommunar. Ved redusert bruk av ambulanse vil ein også frigjere økonomiske ressursar samstundes som ambulansebilane vert mindre ute på lange oppdrag, og dermed borte frå ambulansestasjonane og nærområda. Her bør ein også vurdere tiltak for å styrke samhandling mellom Pasientreiser og den prehospitale verksemda med mål om rett transport til rett tid.

Framleis er det behov for sterk statleg styring og ansvar for prehospitale tenester der ein fornuftig beredskap vert teke i vare. Vi registrerar at de konkluderer med at de ikkje kan halde fram med alle vaktordningane de har i dag (s 36). Vår toling av dette er at de argumenterer for endringar. Vi ser også at de beskriv ein økonomisk situasjon som i tillegg vil gjere det vanskeleg å halde fram som i dag. Dette gjev oss bekymring for at ambulansberedskapen i kommunane kan verte redusert og dermed ei svekka prehospital teneste.

Vår hovudkonklusjon er: Tal ambulansestasjonar må **verte oppretthalde** slik dei er i dag. For å tilpasse seg økonomiske råmer må ein konsentrere utviklingsarbeidet kring alternativ pasienttransport der dette er forsvarleg og halde fram og intensivere samhanlinga med primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta for å nytte rett transport til rett tid, og bidra til å sikre at den akuttmedisinske kjeda heng saman!

Med helsing

Randi Ytrehus
Kommunalsjef helse

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til

Kommunalsjefane i Vågsøy,
Selje, Eid, Horningdal,
Gloppen og Stryn

Mottakere

Helse Førde HF

Postboks 100

6801

FØRDE

Avsender: Bremanger kommune
Postboks 104
6721 SVELGEN



45911-269-22

Helse Førde HF
Postboks 100
6801 FØRDE

Prehospital plan, fase 1